

**Fra:** Laila Bjørge  
**Sendt:** fredag 26. november 2021 09:39  
**Til:** Larissa Dahl  
**Emne:** SV: sak 21/6093 gbnr 333/2 veg til bustad LNF

Hei Larissa

Forbudet mot omdisponering i jordloven § 9 første ledd lyder: *"Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida."* Forbudet mot omdisponering gjelder etter bestemmelsens ordlyd all dyrka og dyrkbar jord, dvs fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite

Det som er vesentleg i denne saka er om veg fram til nytt våningshus vert ramma av forbodet mot omdisponering. Begrepet jordbruksproduksjon omfattar ei rekke ting ein kan gjera på ein gard som ikkje krev søknad om omdisponering, sjå rundskriv M 2-2021 pkt 4,2

- *Begrepet jordbruksproduksjon omfattar vidare bygningar som er direkte knyttet til drift av eiendommen, samt våningshuset.*
- *Når det gjelder driftsbygningar, omfattar begrepet jordbruksproduksjon bygningar som er nødvendige blant annet i forbindelse med tradisjonelt husdyrhold*
- *Også anlegg av nødvendige driftsveier og **gårdsveier** dekkes av begrepet jordbruksproduksjon. Siden det dreier seg om nødvendige veier, kan heller ikke eierens oppfatning på dette punktet tillegges avgjørende vekt. Det må foretas en objektiv vurdering av om det ut fra den konkrete jordbruksdriften er en nødvendig vei*

Etter landbruksavdelinga sitt syn er dette veg fram til nytt våningshus på bruket, og skal leggja til rette for busetjing og drift på garden. Våningshuset er den viktigaste bygningen på garden, og etter vårt syn vil tilkomst til dette vera definert som naudsynt gårdsveg. Det er ikkje vegframkomst der frå før, og at ein må leggja vegen slik at ein kan få godkjent avkjøring og trygg tilkomst inneber at det vil gå med litt dyrka mark. Samstundes vil det vera ein fordel for denne teigen å ha god tilkomst, og pga klimaendringar oppfordrar me bønder til å byggja veg langs dyrka mark for å flytta transport av for og gjødsel frå jorda til veg. Dette reduserar jordpakking som igjen gjev mindre klimagassutslepp og mindre avrenning. I samtale med ansvarleg stadfestar han at traseen er valgt for å få ein betre tilkomst både til våningshuset, men og til jordbruksteigen. Vegen bør leggest på same nivå som jordbruksarealet slik at ein kan kjøra rett frå jorda og inn på vegen.

I jordlova er busetjing definert som ei viktig samfunnsinteresse, og det er eit klart mål at landbrukseigedomane skal vera bebudd av eigarane. Det har ikkje budd folk på dette bruket på lang tid, og me er usamd med statsforvaltaren at dette er å sjå på som eit ordinært bustadhus og ikkje som våningshus på gardsbruk. Bygging av nytt våningshus må sjåast på som førebuing til drift. Etter jordlova sine reglar om driveplikt står ein fritt til å leiga vekk jorda, men det er klart at ein eigar som bur på garden har betre høve til å ta vare på alle ressursane på ein betre måte.

Som du ser er vurderingane etter jordlova ansleis enn statsforvaltaren og i denne saka meiner eg dei tolkar reglane i jordlova feil.

Vår konklusjon er at det ikkje er naudsynt med omdisponeringsløyve til vegen. Veggen kunne vore omsøkt og godkjent etter landbruksvegforskrifta.

Med venleg helsing

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar landbruk  
Telefon: 56 171185/957 35 405  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



---

**Frå:** Larissa Dahl <[larissa.dahl@alver.kommune.no](mailto:larissa.dahl@alver.kommune.no)>  
**Send:** torsdag 25. november 2021 16:12  
**Til:** Laila Bjørge <[laila.bjorge@alver.kommune.no](mailto:laila.bjorge@alver.kommune.no)>  
**Emne:** sak 21/6093 gbnr 333/2 veg til bustad LNF

Beklager mas, Laila, kunne du se på denne saka 21/6093. Statsforvaltaren mener veg krev omdisponering og det kan være rett. Vi er positive på Byggesak omdu er positiv, men klart om det finns bedre løysning for veg til bustad, kom med innspill. Tror det blir vanskelig pga. topografi å fo annen avkjørsel der. Da venter jeg på omdisponeringsløyve på veg fra deg?

Skal de søke om dette eller handsamer du uten formell søknad? Frist var 9.11.21. Men siden det trengs omdisponeringsløyve tror ikke vi taper gebyr 😊

**Larissa Dahl** | Rådgevar Plan og byggesak

E-post: [byggesak@alver.kommune.no](mailto:byggesak@alver.kommune.no)  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på innbyggjarservice. Informasjon om opningstider finn du på [www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/treng-du-hjelp/](http://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/treng-du-hjelp/) eller ved å ringe telefon 56 37 50 00.

Innsending av søknadar og anna dokumentasjon i saker skal sendast til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)